



## Statens vegvesen

Kvinnherad kommune

5470 ROSENDAL

Ingo Bewer

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Guri Finne Sognæs / 56520284	Vår referanse: 17/182059-6	Dykkar referanse: 2017/2196	Vår dato: 25.06.2018
------------------------------------	--	-------------------------------	--------------------------------	-------------------------

### Statens vegvesen sine kommentarar til godkjent detaljreguleringsplan for deler av gnr. 12 bnr. 8 – Ny Skarvatunkrysset mellom Skarvatunvegen og fv. 49 – Ølve – Kvinnherad kommune

Me syner til dykkar oversending motteke 31.05.2018 med orientering om vedteke Detaljreguleringsplan for Skarvatunkrysset (planid 20170004), med klagefrist 21.06.2018.

Føremålet med reguleringsplanen er å få fram ei godkjent kryssløysing mellom den kommunale vegen Skarvatunvegen og Fv. 49 Ølvesvegen.

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetting er å leggja til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

#### Vedtak:

*«Kvinnherad kommunestyre vedtek at forslag til detaljreguleringsplan for deler av 12/8 – Skarvatunkrysset mellom Skarvatunvegen og Fv 49 – Ølve, jf pbl §12-3, sist revidert 11.04.2018, vert gjort gjeldande jf. plan- og bygningslova § 12-12. Grunnlag for kommunal eigengodkjenning er til stades».*

#### Statens vegvesen med kommentar til godkjent plan

Ved offentlig ettersyn kom Statens vegvesen med fylgjande merknad i vår uttale:

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Flyplassvegen  
5705 VOSS

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

*«Syner til § 2.2. Ber om at det kjem med i føresegnene at gjenstandar (også kontainere) ikkje kan plasserast i siktsoner og tryggleikssoner langs fylkesvegen, og ei heller kome i konflikt med drift og vedlikehald av fylkesvegen».*

Bakgrunnen for merknaden er at arealføremålet renovasjonsanlegg BRE er lokalisert innanfor byggegrensa til fv. 49. Etter plan og bygningslova § 20 er etablering av anlegg eit tiltak som er omfatta av byggesaksreglane. Me ynskjer å sikra oss at det ikkje vert plassert gjenstandar i arealføremålar BRE som utfordrar sikta og trafikktryggleiken langs fylkesvegen og drifta og vedlikehaldet av vegen.

I saksbrevet og planskildringa er det gjeve fylgjande kommentar til vår merknad:

*«Den aktuelle føresegna gjeld eit areal utanfor siktzone. Behandling: Ingen endring av plan».*

Me seier oss einig i at siktsona/linene ikkje vert påverka av renovasjonsarealet, men tryggleiksavstanden og tryggleikssona (jf. Handboka *N101Rekkverk og vegens Sideområder*), og drifta og vedlikehaldet av vegen, må også ivaretakast. Statens vegvesen tar i ettertid kritikk for at me ikkje var tydeleg nok i vår uttale og ikkje sette krav til at renovasjonsanlegget må trekkast utanfor byggjegransa.

### **Oppfølging av planvedtaket**

På bakgrunn av vedtaket har me vore i dialog med dykk for å finne ei løysing på korleis vår merknad kan innarbeidast i plandokumenta, og har kome fram til at den beste løysinga er å gjere ei planendring. Ved ei planendring ynskjer me at vår merknad vert innarbeida under § 2.2 i føresegnene:

- Renovasjonsanlegget må ivareta tryggleiksavstanden og tryggleikssona til fylkesvegen og drift og vedlikehald av vegen.
- Me setter også pris på om det lar seg løyse å trekke arealføremålet BRE ut i frå byggegrensa til fylkesveg 49.

Statens vegvesen er elles nógde med at Skarvatunkrysset er detaljregulert og utforma i tråd med Statens vegvesen sine handbøker. Me set pris på at kommunen er løysingsorienterte og håpar at ei mindre planendring lar seg løyse.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger  
Med helsing

Carl-Erik Nielsen  
Seksjonsleiar

Guri Finne Sognnæs

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland Fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
Kvinnherad kommune, 5470 ROSENDAL